

Kristine Fluge/Haakon Aase

Litlebergen 29

5918 Frekhaug

Advokat Kjell-A. Helland

Postboks 594 Sentrum

5806 Bergen

Kopi: Meland kommune

NABOVARSEL VEDRØRANDE ANLEGG AV FLYTEBRYGGJE, GNR 26 BNR 27 I MELAND

Vi viser til udatert nabovarsel om tiltak etter plan- og bygningslova vedr. anlegg av flytebryggje frå eignedomen til Tom Neumann, gnr 26 bnr 27. Grunna reise har vi dessverre ikkje hatt sjanse til å svara på meldinga tidlegare.

Som eigarar av gnr 26 bnr 17 vil vi ikkje setja oss imot at Tom Neumann legg ut ei flytebryggje frå eigedom sin, men vil understreka fylgjande:

Vi har full og uavkorta tilflotsrett til fjæra på vår strandeigedom bnr 17. Her har vi hatt båtopptrekk og det kan også i framtida vera særdeles aktuelt å nytta fjæra til opptrekk av båtar. Eit flytebryggjeanlegg må såleis ikkje på nokon måte vera til hinder for vår framtidige bruk av fjæra til slikt føremål eller andre relaterte føremål. Det er såleis eit ufråvikeleg krav at flytebryggja vert slik plassert at ho ikkje stengjer for eller reduserer vårt tilflot til fjæra.

Vi vil elles gjera merksam på at det skal liggja føre tre vedlegg til nabovarselet, medan vi berre har motteke eitt vedlegg, 2 -2 Situasjonsplan.

Frekhaug 24.09.14

Med venleg helsing


Haakon Aase


Kristine Fluge

2 JOP EIKK
DP. 3d
Kommune

Mel and Komman
Pb. 79
5906 Frikhaug